



Lotteri- Og Stiftelsestilsynet
Postboks 800
6805 Førde

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/2158 - 23/15260

Saksbehandlar:
Linda Judith Svidal Nordås
henrik.carlsen@osteroy.kommune.no

Dato:
28.06.2023

Melding om avvik i forhold til forskrift om tilskudd til frivilligsentraler.

Melding om avvik i forhold til forskrift om tilskudd til frivilligsentraler.

Osterøy kommune søkte på den nye ordninga for støtte til frivilligsentraler i 2022 og fekk tildelt midler.

Dette brevet skal rapportera nokre avvik i forhold til forskrifta, kva tiltak som eg gjort for å veie opp for dette og leggja fram saka for til vurdering.

Avvika gjeld:

§6a At frivilligsentraler som mottar tilskudd oppfyller kravene i § 7>

jfr: *Spørsmål og svar om tilskot til frivilligsentraler:*

Frivilligsentralane skal i utgangspunktet oppfylle krava innan 1. januar 2023. Dersom dette er utfordrande, ber vi frivilligsentralen om å ta kontakt med sin kommune eller Lotteri- og stiftelsestilsynet for rettleiing

§7f: Ha minst ett årsverk, som hovedregel én person i 100 prosent stilling

jfr: *Spørsmål og svar om tilskot til frivilligsentraler:*

Forskrifta stiller krav om minst eitt årsverk. Det er likevel forståeleg om stillinga står ledig i ein periode ved sjukefråvær eller oppseiing frå tidlegare tilsett.

Utdypande beskrivelse av situasjonen rundt avvika

Osterøy kommune søkte om tilskottet for å etablera ein frivilligsentral i 2023.

Kommunen inngjekk leigeavtale om lokaler til frivilligsentral i november 2022, og lyste ut fast full stilling som frivilligkoordinator i desember 2022.

Både klargjering av lokalene for bruk, og tilsetting av frivilligkoordinator tok lenger tid enn venta.

- Frivilligkoordinator begynte i stillinga 2. mai.

- Lokala til frivilligsentralen var flytta inn i 7. mai og har sidan det vært tatt i bruk av lag og organisasjonar. Den er framleis i oppstartsfasen, men kan seias å oppfylle forskrifta.

Planlagt markering av opning av sentralen er 1. september.

Tiltak

- Biblioteket vert nytta som møteplass for lag og organisasjonar
- 20% årsverk knytt til arbeid med oppstart av utstyrssentral som ein del av frivilligsentralen sitt tilbod i tillegg stillinga knytt til frivilligsentralen
- 60% årsverk knytt til arbeid opp mot lag og organisasjonar, i tillegg stillinga knytt til frivilligsentralen

Utdypande beskrivelse av tiltaka

Frivilligsentralen på Osterøy er samlokalisert med Osterøy bibliotek. Den har sine egne lokalar men skal og bruka biblioteket sine fasilitetar til arrangement og møte.

Biblioteket har gjort grep for å utvikla seg som ein møteplass for frivilligheit og fungera som bindeledd mellom kommune og frivilligsektor allereie før frivilligsentralen blei ein del av planen.

Dette har blitt gjort ved å oppretta to stillingar, idrett og ungdomskonsulent, og kultur og ungdomskonsulent med fast arbeidsplass i biblioteket sine lokalar. Desse har som del av sitt arbeid å vere kontaktperson for lag og organisasjonar og bindeledd mellom frivillighet og kommune.

Biblioteket har lagt til rette for at deira lokalar kunne bli tatt i bruk av frivillige lag og organisasjonar, og har sett ei auke i førespurnadar om bruk av lokala til møte og arrangement.

I løpet 2023 brukar Osterøy kommunen ein 20% stilling tillegg til 100% frivilligkoordinator, på å førebu etablering av ein utstyrssentral, som er tenkt å vera ein del av frivilligsentralen sitt tilbod.

Me ser at me ikkje har klart å fylle krava i forskrifta i 2023, men håper å ha vist at me følger intensjonen, og har gjort forsøk på å veie opp for manglane.

Me håper på ei vurdering frå dykk om det er tilstrekkeleg, eller om det er andre ting me kan gjera for å oppnå dette.

Med helsing

Henrik Carlsen
leiar for bibliotek

Linda Judith Svidal Nordås
leiar Kultur og mangfald

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Mottakar:

Lotteri- Og Stiftelsestilsynet

Postboks 800

6805

Førde